

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 73	Utkommer hver måned	Oktober 1936	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	7. årg.
--------	---------------------	--------------	--	---------

### Styrk vårt mod.

Styrk vårt mod, o Gud, at vi kan vinne,  
kampen er så svær og striden hård.  
Ofte seirer han som er vår fiende,  
ofte får vi selv så dype sår  
Styrk vårt mod, o Gud, at vi kan se  
seirens sollys over smertens vé.

Styrk vårt mod, o Gud, at vi kan bære  
dine farver modig, fast og kjekt,  
løfte korsets rene flagg med ære  
midt blandt døgnets onde vantro slekt.  
Styrk vårt mod, o Gud, at vi kan gå  
lysets veie selv i dage grå.

Styrk vårt mod, o Gud, at vi kan seire,  
vinne kronen hist som seirens lønn,  
bringe lys hvor mismods mulm sig leire,  
holde trofast ut på vakt i bønn.

Styrk vårt mod, o Gud, la dagen gry, —  
seirens dag av nattens dunkle sky!

Fra dansk.

### All makt.

Eg har fått all makt i himmel  
og på jord. Mat. 28, 18.

Vi kristne trur at Jesus har all makt. Det ser nok ofte onnorlis ut. Men det er ikkje alltid, at dei krefte som ser ut til å vera dei sterkeste, verkeleg er det. Det ser jo ut meir og meir som um menneskja har gjort seg til herre over naturkrestene, t. d. elektrisiteten, men likevel — er ein aldri so lite uvarsam kan den drepa eit menneskje i ein augneblink. Menneskja bygde kjempe-skipet »Titanic«, som ikkje kunde sokkja. Det sokk på fyrste turen. Og tilslutt kjem den store, den siste fienden, døden. Vi skjelv for han. Vi prøver av all makt å vinna over han. Men vi kan ikkje. Døden legg si kalde hand på oss, og då lyt vi fylgja med. Nei, det er nok ikkje vi som har makta i verda. Kven er det då? Det er naturkrefter som er

sterkare enn vi. Synda og døden er sterke enn vi. Tenk um dei var dei sterkeste! Då var all von ute.

Men Gud vere lova, Jesus har all makt. Makt over alle andre krefter. Han har all makt i himmelen. Der har han makta over Gud Faders hjarta, so han kan seia: »Alt det de bed Faderen um i mitt namn, det skal han gjeva dykk.« Å, tenk om vi gjorde meir bruk av den retten — kor rikt vårt kristenliv då skulde verta, medan det no ofte er so fatigt og veikt. Og der, i himmelen, har han makt over alle englar, som tilbed han og som han sender oss til hjelp og vern, so vi, når vi går på Guds vegar, alltid har englevakt ikring oss.

Og han har all makt på jorda. Ja, også her på jorda. Endå dei gudlause for mange år sidan i vetaust overmod ropa ut: »Vi har sløkt ljosa i himmelen og dei skal aldri tendast att.« Likevel, han har makta. Ropet etter ljós frå himmelen har aldri stige so brennande upp frå millionar hjarto som nett no. Og aldri har ljuset frå Gud vorte tendt for det eine folk etter det andre som no. For han har makta, han som er ein frelsar for syndarar.

Hans makt på jorda, det er nettopp makta til å frelsa syndarar og skapa eit nytt, rikt liv med ny vilje, nye interesser, ny kjærleik, ny glede. Det er makta til å gjera alle dei til Guds born, som trur på han, og det er inga makt i verda som kan hindra det. Det finst ikkje den makt som kan hindra deg dersom du gjev deg over til din frelsar, trå å verta eit Guds barn.

Jesus har all makt. So er der då von for deg som strid mot synda. Gå berre til striden i Jesu namn. Han som er med deg, er sterkare enn han som er imot deg. Og slik

er det og tor den som gar døden i møte i Jesu namn. For Jesus har sigra over døden og. Han skal bera deg heim til Gud med sterke hender.

Og når vi med våre små krefter arbeider for Guds sak her i verda, lat oss gjera det med frimod. Jesus har all makt, og han er med. Da skal vårt arbeid verta ein liten del av det hav av velsigning som fra Jesus strøymer ut over jorda. For hans er riket og makta og æra i all æva.

Etter Søren Dahl.

### Bønn.

**Herre, la din barmhjertighet være med oss, så vi kan bli bevaret fra syndens farer og bli freist ved din sterke hånd. Amen.**

### Kyrkjebyggjinga i Davik. VI.

Iona for arbeidarane var fyrst sett til kr. 1.80 for dagen, men vart auka til 2 kr., då det var vanskeleg å få dugande folk for mindre. Etter 1. oktober var betalinga likevel berre 1.60. Ein søknad om pålegg vart avsleghen. Arbeidstida var fra kl. 7½ um morgonen til 8 um kvelden, med ½ time kviletid til frukost og non og 1½ time til middag, altso 12 timars arbeidsdag. Under arbeidet vart byggmeisteren Gjert Lien sjuk og laut slutta; sonen, Jakob Lien, tok plassen hans. I desember var han ferdig og fekk av soknestyret godt vitmål: »Man finner at han har været meget heldig i ledelsen og den hele ordning og gjennemførelse.« Mållinga vart utførd av Mons Jakobsson Totland; han skulde ha 5 øre for kvar kvadratmål, idet sokna heldt målarsaker.

So var det inventaret. Det var stune i byggjenemnda som vilde ha eij ny preikestol; men til all lukke vedtok fleirtalet at den gamle skulde brukast i nyekyrkja. Snikkar Hans O. Sundal reparerte og pussa han upp. Ole M. Holmø skulde laga altartavle, altarbord og doyefont for 450 kr. Han skulde ta altartavla i kyrkja på Vereide til modell. Malaren A. Oreim fra Starheim mala altartavle; han fekk visstnok 100 kr. for det. Den nye kyrkjeklokka er av stål og kom fra Tyskland (eller Holland?); ho er på 300 kg. og kostar 550 kr.

So var då kyrkja ferdig og vart innvigd av biskop Hvoslef 6. juli 1886.

Den gamle kyrkja vart av Hans Aardal og Rasmus Ervik verdsett til kr. 1349.15, men vart tilslutt selv til Johan Anthonisen og Berge Ingebrigtsen Starheim for 850 kr. Undantek fra salet var altartavla, dei vindauge som det var inskripsjonar på og alt som kunde ha antikvarisk verd. — I 1879 ynskte «Foreningen for fortidsminnesmerkers bevarelse» i Bergen å få ei gammal antependiumtavle (på framsida av altaret), men soknestyret sa nei. Kvar det er vorte av denne og av glasrutene med namn på, er det vel no dessverre ingen som veit. I den tida hadde folk utover bygdene ingen sans for a ta vare på slike gamle eignaluter. Det vert fortalt at timberet i den gamle kyrkja, bygt i 1655, vart brukt til å setja upp eit hus attmed Bergen.

### Har du lært din gutt å be?

Han var tidlig om morgenen fra en tysk båt bragt op på hospitalet, den unge kjekke norske sjøgutt, og takket være den vennlige hollandske lege som straks sendte mig bud, kunde jeg en times tid sitte ved hans sykeleie.

»Et alvorlig tyfustilfelle,« sier lægen til mig, »den ene utgang likeså sannsynlig som den annen.«

Et urolig, skremt uttrykk, således som man ofte kan se det hos dem som uventet er stillet ansikt til ansikt med døden, hvilte over den syke. Alle hans lemmer skalv under feberen, og isposen på hans hode og issstykkene som sørsteren gav ham å spise, syntes kun å gi ham liten lindring. En hjertelig takk undslapp ham da han hørte det var sjømannspresten som var kommet. Derpå utbryter han i angst: »Skal jeg dø nu, pastor?«

»Det vet alene Gud. Lægen sier De er alvorlig syk. — Vilde det være vanskelig for Dem å dø nu?«

»Ja, ja.«

»Hvor gammel er De?«

»18 år.«

»Og hvor lenge har De vært til sjos?«

»2 år.«

»Og sa har De kanskje glemt Gud heile den tid De har vært ute?«

»Ja,« svarte han.

»Å ja, således går det ofte. Så lenge vi er friske, synes vi ikke vi har nogen bruk for ham. Men nu synes De vel at De trenger ham?«

»Ja, ja, så forferdelig.«

»Og nu er De vel lykkelig over å kunne få komme til ham i bønnen igjen, således som De gjorde før De drog til sjøs?«

Gutten som lenge hadde kjempet med graten, var nu ikke lenger i stand til å holde tårene tilbake, snart huket han høit. Og uten lenger å kunne skjule sin sjeleangst, ropte han ut: »Å pastor, pastor, jeg har aldri kert å bel!«

Under dette rop fra dypet av sin sjel slo han sine øyne ned. Og jeg tror ikke jeg tar feil, når jeg mener han gjorde det med tanken på dem som den gang han var liten gutt, hadde begått en stor synd imot ham ved ikke å lære ham å be. Og hvis du, far og mor, som leser disse linjer, og som sikkert ofte har tenkt på hvordan du skal opdra ditt barn på beste måte, — hvis du hadde hørt dette angstrop, da vilde den første og største plikt som er pålagt dig som far og mor, med ildskrift være brent dig inn i sjelen.

(B. og H.)

### Når du kjem til kyrkje.

Tenk um du kvar gong du kjem til Guds hus, fann deg plass so stillferdig som mogeleg utan å uroa nokon av dei som er komne på plass fyre deg. Det er alltid godt å syna umtanke og hjartedaning, og det ikkje minst i Herrens hus. Og tenk um du kvar gong, i staden for å sjå deg nyfiken ikring, bøygde ditt hovud nokre minuttar i still bón um velsigning over di kyrkjegonge. Der er nok å be um.

1) Bed um at du og alle dei andre i kyrkja må få rikt og varigt gagn av heile gudsstenesta. — 2) Bed um at presten må få hjelp fra Guds ånd til å gjera Jesus stor for tilhøyrarane. — 3) Bed for deg sjølv at Herren vil samla ditt sinn og haida alle spreidande og flyktige tankar burte. — 4) At du må få hjelp i alle vanskar og freistingar i vika som kjem. — 5) At fleire og fleire må finna vegen til Gud og hans rike. — 6) At du ikkje berre må vera ein som høyrer ordet

men ein som gjer etter det, og gå difor som regel til altars, kvar gong du har høve til det. — 7) At ingen må gå framand og uhjelpt og heimlaus frå kyrkja.

D. B. K. i »Dagen.«

### Notisar.

**Døypte:** 30. aug. Borgild Pernille, f. 1. juni av f. Sigmund Hansson Hennøy og k. Amanda Olsdtr. (f. Humborstad). — 6. sept. Oddrun Lin a, f. 24 juni av f. Kristian Olsson Kjørstad (Aasnes) og k. Ragna Larsdtr. (f. Tennebø). S. d. Solveig, f. 2. juli av f. Alv Aalen og k. Erikka (f. Harbakke). — S. d. Marit Oddbjørg, f. 2 aug. av f. Ola Didriksson Isane (Nore) og k. Dagny Pedersdtr. (f. Drageset). — S. d. Lars Knut, f. 12. juni av f. Alf Larsson Maurstad og k. Isalina Johansdtr. (f. Varpe). — 13. sept. Anna Kristianne Karoline, f. 24. juli av f. Martines Hansson Lefdal og k. Else Karlsdtr. (f. Hill).

**Ektevigde:** 16. aug. i Davik Birger Rosenlund og Astrid Kristensdtr. Frimaunslund. — 29. aug. i Eid Ole Pedersson Lefdalsnes og Jenny Olsdtr. Manset (Haus).

**Basarar:** Tytingvåg 21. mai til sjømannsmisjonen 50 kr. — Hennøy 24. juni til sjømannsmisjonen 83 kr.

**Aalfot kyrkje** har no ein kapital pa 23—24 000 kr.

**Prekestolen i Davik.** Konservator Kloster ved Bergens Museum skriv um denne prekestolen: »Min forbauselse over dette arbeide er meget stor da det viser sig å være en av de fineste og best bevarte barokkprekestoler vi har her på Vestlandet.«

**For 100 år sidan.** Døde: 11. okt. 1836 Martin Endresen Svoren, kàrmann, 66 år.

**I Nordstrand indremisjonforeining** er i 1936 innkomne: Kollekt 12. jan. 25 kr. Fest 10. april 54.97. Fjellstemme 26. juli 84.61.

**Til Davik sjukerkatlag** er innkomne: Medlemspengar: Davik 20 kr., Levdal 1, Oldeide 2, Haus 1, Skatestraumen 7, Berle 1, Kjølsdal 2, Rugsund 10. Basarar: Endal 40.16, Davik 90, Torheim 59.38, Rugsund 111.14. — Utloftning i Rugsund 14. — Festar: Oldeide 37, Isane 30. — Maiblomar: Elde 3.50, Hennøy 5, Oldeide 2. Aalfot 16, Davik 12.80, Husevag 10, Isane 3, Skatestraumen 5, Gangsøy 5, Torheim 5, Kjølsdal 14.40, Rugsund 10, Levdal 4, Haus 7.20, Reksnes 5. — Offer Aalfot 29.70.

**Den gamle kyrkjegarden i Rugsund.** Den gamle kyrkja i Rugsund brann, som ein veit, i 1834; den nye vart innvigd 2. september 1838. Til sokneradet kom det før ei tid sidan eit brev fra Alfred Haugland som heldt fram, at ein burde gjera noko for å få freda den gamle kyrketomten og kyrkjegarden. Sokneradet har so vendt seg til eigaren, H. Wiese, med spørsmål um kva han vil ha torstykket. — Eg tykkjer det vilde vera rett og vakker, um sokna kunde freda denne plassen. Her

har sikkert kyrkja i Rugsund stade, like sidan kristendomen vart innført i bygdene, vel i over 700 år. Og her har dei vore graylagde, alt folket i sokna, i like lang tid. Dette er ein heilag stad i sanning. Han hør hegna um av pietet mot fedrane. Um sokna åtte han, kunde ein halda ei fri-luftsgudsteneste der ein sundag um sumaren. Det er å vona at soknerådet og soknestyret vil få ordna denne saka.

**Gudstenester:**

20. sund. etter triein., 25. okt.: Davik.  
Bededag, 30. okt.: Aalfot.  
Helgemesse sundag, 1. nov.: Rugsund.  
22. sund. etter triein., 8. nov.: Totland.  
23. sund. etter triein., 15. nov.: Davik.  
24. sund. etter triein., 22. nov.: Rugsund

**Kvittering for kontingen:** Hans Brunsvik, Edv. Bergesen, Matias Hennøy, Alvin Rylandsholm, Ingv. Haugland, Berge Rise, Jørgine Hennøy, Anton Liset, Reinert Liset, Karoline Furenes, Peder Sørvik, Ivar Rise, Jakob Aasnes, Albert Nybø, Lars Etterdal, Synneve Erviksæter, Martine Lillehaugen, Oskar Skarstein, Elisabet Hestevik, Gudmund Steinset, Anton J. S. Berle, Karolus Furenes 2 kr. — Lærar Torheim, Hans Hennøy, Karl K. Sigdestad, Oline Vingelven, B. Torheim, Josef Angelshaug, Petrine Havnen, Albert Bakke, Jørgen Erviksæter, Peder Nygård, Andreas Husevåg, Iver Furnes, Ingebrigts Oldeide 3 kr. — Ragnhild Hessevik 6. — Synneve J. Klubben, R. Myklebust (Måløy), A. Bjørkelo, Isak Isakson Husevåg, Marie Ramsevik, Kristen Berglund 2.50. — Jens Øvrebo, Lars A. Tytingvåg 1.50. — Kristofer I. Krabbe-stig, Peder Bjørnøy 5. — Synneve Myrvang 1. — Nils Nyborg 4.

Hjarteleg takk til alle.



**Våre døde.**

28. aug.: Kristen Martinesson Frimannslund; g. ghr.; f. 1867; kreft.  
28. aug.: Anne Rasmusdtr. Levardsnes; karenkje; f. 1862 på Roset i Innvik; kreft.  
2. sept.: Brita Jørgensdtr. Bortne; karenkje; f. 1839 på Skarstein i Olden; alderdom.  
11. sept.: Brita Olsdtr. Ervik, kona til Rasmus Ervik; f. 1868 i Ervik; æreforkalkning.

**Vårt liv ein skugge er på jorda.**  
Joh. 8. 9.

**Dikte av Claus Frimann.**

**II. Soel efter Regn.**

Af Skyen ud,  
O milde Soel, du træder —  
O, hvor du nu mig Sands og Hjerte glæder!  
O, hvor jeg nu velsigner Gud!

Hvor let jeg gaaer!  
Hvor munter nu jeg synger!  
Jeg synger, jeg, og hele Skoven synger;  
Nyt Liv min Eng og Ager faaer.

**Regnbøjet Ax**

Til Mulden sank utrøstet,  
Du traadde frem, — det Regnen af sig rysted  
Og glinsende sig reiste strax.

Hver Blomst stod mørk,  
Forladt af dig den sørget.  
Hvert Løv og Blad i Regnen svøbt det sørget,  
Alt laae i Skjul, Alt var en Ørk.

Paa nye du kom;  
Hver Blomst og Blad sig letter,  
Hvert Træ paa nye nu Krandse til dig fletter,  
Hvert Kryb gaaer ud at see sig om.

Saa mørk er Dag  
For ubenaadet Synder,  
Før Naadens Soel Barmhjertighed forkynder  
Og trøster med Guds Velbehag.

Bestraalt af Gud  
Da seer han Soel og Sommer,  
Nyt Liv og Lys til ængstet Hjerte kommer,  
Med Sang han gaaer af Trængsel ud.

**Misjonen.**

Lord Irwin som har vore visekonge i India, sa nyleg på eit møte i London m. a.: Medan eg var visekonge i India, såg eg ikkje so lite av misjonærane sitt arbeid, og eg set det høgt ikkje berre moralisk og sosialt, men endå meir på grunn av den ånd som det vert drive i. Millom dei kastelause, spill-sjuke, forbrytarar, dei ville i jungelen, i storbyane og i avsides fjellbygder har eg set menn og kvinner arbeida og streva for i praktisk arbeid å bera fram bodskapen um Kristus, han som gjekk ikring og gjorde vel. Trass i den syrgjelege kløyving blandt dei kristne gjer dei eit arbeid for India som ikkje kan setjast høgt nok, og heile deira liv er ei verksam preike. —

Ein reknar at for 100 år sidan var det ikring 200 misjonærar i verda. No er der ikring 30 000 forutan 10 000 innfødde arbeidarar. Det er ei misjonstid som aldri fyrr i kyrkjesoga. Dørene til dei store heidningland er opne som aldri tidlegare.

I eit japansk dagblad stod det nyleg denne notis: »Vi vil utan etterhald seja takk for det som vi har fått ved misjonærane og dei kristne ideal som dei set fram for oss. Talet på kristne i Japan er ikkje so stort, men verknaden av misjonærane sitt arbeid er veldig, og mest alle våre institusjonar her merke etter deira arbeid.«